

# FISKERIDIREKTØREN

Bergen, 26.5.83

OM/TSL

## MELDING FRA FISKERIDIREKTØREN

Ank. nr. 432.33

J. 54/83

### FISKE ETTER SILD MED NOTREISKAPAR INNAFOR GRUNNLINENE PÅ KYSTSTREKNINGEN STAD - LINDESNES I 1983.

Med heimel i § 3 i Fiskeridepartementet sine føresegner 30. desember 1982 om regulering av fiske etter sild på kyststrekningen Stad - Lindesnes og i Noregs økonomiske sone i Nordsjøen i 1983 har Fiskeridirektøren 25. mai 1983 fastsett følgjande føresegner:

#### § 1

Innafor grunnlinene på kyststrekningen Stad ( $62^{\circ}11,2'N$ ) til Lindesnes vil ein kunna fiska inntil 12 000 hl sild med snurpenot og landnot til menneskjemat.

Kvart snurpenotfarty over 12 m største lengde kan fiska inntil 500 hl og 300 hl for snurpenotfarty på 12 m største lengde eller mindre og landnotfarty.

Fiskeridirektøren kan stogga fiske når kvoten i første stykke er pårekna oppfiska. Fisket kan stoggast ved melding i lokalsendingane i NRK kl 0715 og 1645 i tillegg til dei vanlege fiskerimeldingane.

#### § 2

Fisket vert opna fredag 27. mai kl 1200.

#### § 3

Høvedsmannen for bruk som skal ta del i fisket må stå på blad B i fiskarmannatalet. Farty som vert nytta må vera fiskerimerka og mindre enn 27,5 m største lengde. Det må nyttast høveleg bruk for fisket. Fiskeridirektøren kan gje dispensasjon frå kravet om største lengde på farty.

#### § 4

Farty som skal delta må meldia seg til Noregs Sildesalslag før dei går på feltet.

#### § 5

Det er forbode å fiska, låssetja, ta opp eller føra i land sild under 23 cm. Uten hinder av første stykke kan sildefangstar ha inntil 10 % i vekt av sild som er under 23 cm.

#### § 6

All sild som vert fanga skal låssetjast. Noregs Sildesalslag kan dispensera frå dette påbodet. Alle fangstar skal straks meldast til Noregs Sildesalslag.

§ 7

Fiskeridirektøren kan i særlege tilfelle gje løyve til oppmaling for heile eller deler av fangstar dersom silda av kvalitetsmessige grunnar ikkje kan nyttast til menneskemat eller agn.

§ 8

Låssett kvantum større enn det bruket kan fiska kan overførast vederlagsfritt til andre utrusta bruk på feltet.

§ 9

Fiskeridirektøren kan påleggja at det vert teke prøvar av fangstane.

§ 10

Forsettlege eller aktlause brot på desse føreseggnene vert straffa med bøter.

§ 11

Desse føreseggnene tek til å gjelda straks.

-----